



## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	9/26	26.02.2026
Kommunestyret	18/26	12.03.2026

### Revidering av kommunal planstrategi 2024 - 2027

Vedlegg

1 Revidert planstrategi 2026\_2028

#### Fakta i saka:

##### Bakgrunn for saka/tidlegare saksgang

Kommunestyret vedtok gjeldande kommunale planstrategi for perioden 2024 – 2027 i møte 17.10.2024. Planstrategien ligg på heimesida her: [Kommunal planstrategi 2024-2027.pdf](#)

Ein planstrategi er eit dokument som gjer greie for det strategiske valet til kommunen knytt til utvikling av kommunesamfunnet og skal formast ut etter behovet i kvar enkelt kommune. Planstrategien er ikkje juridisk bindande, men retningsgjevande for prioritering av kommunen sitt planarbeid. Regjeringa seier følgjande om mogleg rullering av planstrategien:

*Kommunen kan revidere planstrategien i løpet av perioden etter behov. Planstrategien er ikke formelt bindende for kommunen og kan fravikes hvis det er gode grunner til det. Kommunen kan ved behov sette i gang nytt planarbeid utover planstrategien. Avklaring av planbehovet vil da skje gjennom den ordinære planprosessen. Kommunen kan også velge en form på planstrategien der en del av den rutinemessig revideres i sammenheng med det årlige arbeidet med handlings- og økonomiplan.*

*Hvis nye planbehov eller andre forhold fører til at kommunen ønsker å avlyse eller utsette en større planoppgave, bør kommunen vurdere om det er behov for å revidere planstrategien. Dette sikrer åpenhet rundt prioriteringene. Det er imidlertid ingen plikt til å foreta en slik revisjon.*

Etter innspel og dialog med politisk nivå meiner kommunedirektøren at det er behov for ein slik revisjon, med gjennomgang av prioritering i høve planbehov og kapasitet/ ressursbruk særleg når det gjeld kommunane sine arealplanar, det vil seie reguleringsplanar og kommuneplanens arealdel/-delplanar.

##### Lovgrunnlaget

Plan- og bygningslova § 10-1, jf § 11-1.

## [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) - Kapittel 10. Kommunal planstrategi - Lovdata](#)

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (Kommunal- og distriktsdepartementet): [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#)

### Forankring i eige planverk

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Nissedal kommune frå 2020 og inneheld langsiktige mål, utfordringar og strategiar for kommunesamfunnet i heilskap og kommunen som organisasjon. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vidare legge grunnlaget for sektoranes planar og verksemd.

Kommunane må i planar etter plan- og bygningslova leggje til grunn retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale styresmakter. Gjeldande planstrategi frå 2024 gjer greie for dette og i arbeidet med revisjon av planstrategien er dette lagt mindre vekt på. Dei grunnleggjande føringane i vedtatt planstrategi gjeld framleis, dersom ikkje anna er nemnt her.

### **Vurdering:**

Framlegg til revidert planstrategi gjer opp status for planverket for dei ulike einingane per februar 2026, med enkelte framlegg til endringar i framdrift og/eller prioritering. Denne delen er difor mest ei redaksjonell endring av strategien.

I det følgjande er prioritering av arealplanar i resten av perioden hovudfokus:

### Prioritering av planarbeid – arealplanar:

Gjeldande planstrategi inneheld revisjon av fleire kommunedelplanar i perioden: Kyrkjebygdheia (2026/2027), Treungen sentrum (2024-), Gautefallheia (2025), Kyrkjebygda med oppstart 2027, samt kommunedelplan for naturmangfald som ny temaplan. Plankontoret har ikkje kapasitet til å gjennomføre fleire omfattande arealplanarbeid som dette inneber, og føreslår difor ei sterkare prioritering. Innleige av konsulenttenester vil det vere behov for til kartleggingar/ utgreiingar til planarbeid vi utfører i eigenregi. Omfanget på innleige vil likevel bli monaleg mindre ved å redusere ambisjonsnivået i planstrategien, for å prøve å ta mest mogleg arbeid i eigenregi. Framdrift på eige planarbeid vil elles avhenge av faktorar som aktivitet på plankontoret elles, pågang av private reguleringsframlegg, dispensasjonssaker m.m.

Kommunedelplan for Treungen sentrum er høgt prioritert og er tenkt sett i gang att når reguleringsplan for nye Tveitsund bru er handsama. I tillegg er det på gang eit forprosjekt for utvikling av Treungen sentrum, der omstillingsstyret skal handsame sak om finansiering og rammer i mars 2026. Eit slikt forprosjekt vil gje nyttige avklararar som kan brukast som grunnlag for kommunedelplanarbeidet. Fokus på bustad-, besøks- og næringsattraktivitet vil vere ein stor del av dette arbeidet.

Kommuneplanen sin arealdel: Her seier planstrategien at det er tale om mindre endringar. Plankontoret har gjennomført regionalt planforum for å avklare rammene for endring av føresegnene, og berre det vil medføre krav om konsekvensutgreiingar m.m. Vidare ligg «planvask» som eit viktig og prioritert tema for Nissedal kommune. Dette arbeidet må gjerast gjennom revisjonar av dei aktuelle planområda, som kan vere i arealdelen for heile kommunen eller for kommunedelplanane. Vidare har det kome innspel om å leggje til rette for spreidd busetjing i grendene, noko som òg kan takast opp som eit tema ved revisjon av arealdelen.

Vi rår til at ein revisjon av arealdelen prioriterer overordna tema, samt nye føringar knytt til omsynet til klima og klimatilpassing, jf nyleg vedteke handlingsdel av klimaplanen for Vest – Telemark, og nye nasjonale føringar kring nedbygging av myr, m.m. Vi visar her til nye statlege

planretningslinjer for arealbruk og mobilitet som inneheld nasjonale krav på fleire av desse områda: [Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Dersom planvask er ynskjeleg å gjennomføre for delplanar, meiner vi dette bør vente til neste planperiode, og at vi gjennom revisjon av arealdelen får lagt grunnlaget og metodikken på arbeidet forankra frå overordna plan.

Nærare om innhaldet i dei ulike planarbeida, utgreiingstema, nasjonale og regionale føringar og lovkrav som må leggest til grunn, kjem ein nærare inn på i samband med utarbeiding av planprogram for planane: [Lovkommentar til plandelen av plan- og bygningsloven \(2022\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Kommunedelplan for naturmangfald: Vi rår ikkje til utarbeiding av tematisk kommunedelplan for naturmangfald i denne perioden på grunn av manglande kapasitet og ressursar.

Naturkartlegging (NIN) må uansett måtte gjennomførast for byggeområde i samband med arealplanrevisjon, og temaet vil der få stort fokus.

Bustadfelt Tveitåsen: Reguleringsplan for nytt bustadfelt for Tveitåsen i Treungen, har stoppa grunna manglande kapasitet til å vidareføre arbeidet. Kommunedirektøren meiner det er viktig å få slutført det oppstarta planarbeidet, og rår til at arbeidet blir prioritert i 2026.

### **Konklusjon:**

Kommunedirektøren legg fram framlegg til revidert planstrategi for Nissedal kommune 2027 – 2028, slik den ligg vedlagt. Ei strammare prioritering av arbeid med revisjon av arealplanarbeid er naudsynt for å klare å gjennomføre dei høgst prioriterte planoppgåvene.

Revidert planstrategi bør på ei avgrensa høyring og offentleg ettersyn før det blir endeleg vedtatt i kommunestyret.

### **Kommunedirektørens tilråding:**

Nissedal formannskap legg framlegg til revidert planstrategi for Nissedal kommune på høyring og offentleg ettersyn, før saka blir lagt fram for kommunestyret for vedtak.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 26.02.2026**

### **Behandling:**

Redaksjonell endring i høve til landbruksplan.

Votering: samrøystes som tilråding.

### **Vedtak**

Nissedal formannskap legg framlegg til revidert planstrategi for Nissedal kommune på høyring og offentleg ettersyn, før saka blir lagt fram for kommunestyret for vedtak.

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 12.03.2026**

**Behandling:**

**Vedtak**